

## Retningslinjer for frammøte og fråvær i utdanningar med obligatorisk frammøte

Godkjent av høgskuledirektøren 12.06.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015 § 4-6.

1. Frammøtekrava i eit emne går fram av emneplanen.
2. Konsekvensen av for stort fråvær er at studenten ikkje får gå opp til eksamen i emnet.
3. Den enkelte student er sjølv ansvarleg for å registrere sitt frammøte. Studentane har ansvar for å følgje med på eige frammøte i undervisning og må sjølv være merksame på når dei nærmar seg fråværgrensa.
4. Dersom ein student ikkje har fått registrert sitt frammøte, er det studenten sitt ansvar å be faglærar om å bli etterregistrert innan utgangen av inneverande undervisningsøkt. Dersom studenten ikkje gir beskjed innan ovannemnde frist, vert frammøte ikkje registrert i ettertid.
5. Det vert rekna som fusk dersom ein student på urett grunnlag har fått godkjenning for deltaking ved obligatorisk undervisning eller andre obligatoriske aktivitetar, jf. Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda av 01.01.2015 § 5-10 pkt. 6. Studenten vil kunne få annullert sin eksamen og bli utestengt, jf. Universitets og høyskoleloven §§ 4-7 og 4-8. Det kan bli gjennomført kontroll i klasseroma. Å registrere frammøte på andre studentar sine vegne er å rekne som fusk både for den som registrerer og for den som det blir registrert for. Dersom ein registrerer fleire timar på enn ein har vore til stades, vert dette rekne som fusk. Saka vert sendt til studieadministrasjonen for vurdering av vidare handsaming i klagenemnda ved Høgskulen i Volda.
6. Fråværsprosenten vert utrekna på planlagt undervisning. Det betyr at om planlagt undervisning avlysast, får alle studentar godkjent frammøte.
7. Studentar må akseptere at undervisninga kan verte flytta, men melding om endring må vere gitt minst ei veke på førehand.
8. Ein student som har tillitsverv i styringsordningar ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, kan søkje dekanen om fritak frå heile eller delar av kravet om obligatorisk frammøte.
9. Ein student som av særskilde grunnar ikkje klarer å innfri det obligatoriske kravet til frammøte/deltaking, kan søkje dekanen om dispensasjon frå frammøtekravet innan rimeleg tid før undervisningsperioden er ute. Dekanen kan då påleggje studenten fagleg(-e) arbeid som erstatning. Med særskild grunn meiner vi medisinsk grunn eller velferdsgrunn. Søknaden skal vere dokumentert med attest frå lege eller annan sakkunnig.
10. Vedtak om ikkje godkjent frammøte/deltaking utløyser klagerett. Klaga skal framsetjast skriftleg til dekanen innan ei veke etter at melding er sendt til studenten om at obligatorisk frammøte/deltaking ikkje er godkjent. Når klage på at ikkje godkjent obligatorisk deltaking er motteken, vert dette vurdert på nytt. Om vedtaket bli oppretthald går saken til sekretæren for klagenemnda for vidare handsaming